

Dale kyrkje i Fjaler treng kyrkjetenar inkludert reinhald av kyrkja 30 % stilling er ledig. Søknadsfrist 21. mai 2021.

Vi søker deg som ønskjer å bidra til god trivsel for alle som kjem til kyrkja.

KYRKJETENAREN

- ✓ skal vere til stades ved alle arrangement i kyrkja - gjere teneste ved alle gudstenester (28), skulegudstenester (6), konsertar (ca. 3) vigslar (ca. 2) og gravferder (ca. 25).
- ✓ Gjere teneste ved Dale kyrkje, men må og kunne gjere teneste ved dei andre gudstenestestadane i Fjaler sokn
- ✓ Må disponere bil

TENESTER

- Gudsteneste annankvar søndag – oftast kl. 11.00, men og kveldsgudsteneste kl. 19.00.
- Konfirmasjonsgudstenester på laurdagar i april/mai
- Gudstenester ved alle høgtider; jul, påske og pinse
- Barnehage – skulegudstenester
- Konsertar både i helgar og i vekene
- Vigslar på laurdagar
- Gravferder på yrkedagar, flest på tysdag og fredag
- Reinhald og tilsyn av kyrkja er ein viktig del av stillinga.

ARBEIDSOPPGÅVER

- ❖ Reingjering etter behov – kyrkja skal alltid vere ryddig og rein
- ❖ Gjere kyrkja klar til arrangement etter eigne rutinar for kyrkjetenar
- ❖ Klargjere lydanlegg, overføring av lyd til sjukeheimen, PowerPoint, tekst m.m.
- ❖ Kunne ta del i å styre PowerPoint
- ❖ Klargjere ekstra mikrofonar til bruk i gravferd
- ❖ Sørge for smitteverntiltak: tilgang til handsprit, avstandsregulering i.h.t smittevernvegleiar, deltakarliste m.m.
- ❖ Eittersyn av kyrkja og av inventar og utstyr
- ❖ Møte seinast 1 time før arrangementet
- ❖ HMT og brannansvarleg

KVALIFIKASJONAR

Kyrkjetenaren må vere

- medlem av Den norske kyrkja.
- serviceinnstilt, venleg og omgjengeleg
- sjølvstendig, pliktoppfyllande, punktleg, ryddig, høfleg, og ha gode samarbeidsevner.
- fleksibel

Det er ikkje formelle krav til utdanning, men det vil bli lagt stor vekt på personleg eigenskapar og interesse for oppgåvene sidan kyrkjetenaren er kyrkjans ansikt utad i møte med andre.

TILSETJING

Tilsetjing, løn og arbeidsvilkår etter gjeldande avtaleverk i KA`s tariffområde.

30 % av årsverk: 1846 t = 554 t. Stillingskode 5137, lønsgruppe 1

Tillegg for arbeid på kveld, helg og ved høgtider.

Pensjonsordning i KLP der tilsette vert trekt 2% av brutto løn.

ANNA

Kyrkjeverje er næraste overordna.

Prest er arbeidsleiar ved kyrkjelege handlingar.

INFORMASJON OG SØKNAD

For meir informasjon – ta kontakt med kyrkjeverje Irene Fløde tlf. 57739771 / 99238420.

Søknadsfrist 21. mai 2021.

Søknad med referansar sendes til Fjaler sokn: irene.flode@fjaler.kyrkja.no eller til Fjaler sokn, Dalstunet, Dalsvegen 105A, 6963 Dale i Sunnfjord.

Fjaler sokn treng og

REINHALDAR i 10% stilling.

Reinhald av kyrkjekontor, Ljosheim, reiskapshus.

Same kontaktinfo og søknadsfrist som kyrkjetenarstillinga.

Dei to stillingane kan kombinerast.